

# PROTOKOLL

## MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 10.6.2020 kl.17.30-19.30

Tilstades: Einar Brattegard, Birger Bolstad, Liv Margit Sørboen, Else Karin Veslegard, Torfinn Slåtto, Vigdis Moen Storhaug, Arild Øystese Hansen, Siv Sylvarnes (vara), Svein Medhus (vara)

Forfall: Anne Kjersti Frøyen, Wenche Smestad

Opning: Arild Ø Hansen - Sommersalme

Saksnr.		Ansvar
25/20	<b>Godkjenning av innkalling og protokoll</b> Sak 21/20: Vigdis MS skulle gjerne ha nemnt at fam Frøyen Dideriksen har gjort ei kjempefin teneste på gudstenesta i Vats fjellkyrkje på juleeftan. Dette må gjerne fortsetje sjølv om tidspunktet blir tidlegare på dagen. Elles ingen merknadar til innkalling eller protokoll.	
26/20	<b>Samtale med kyrkjjetenarane</b> Generelt ok bemanning. Men det er alltid ting som ein gjerne skulle fått gjort som må nedprioriterast. Ein del slik vart gjort i koronatida. Litt utfordrande å planlegge store jobbar på grunn av t.d. gravferder som jo er litt uforutsett. Forholdsvis bra og oppdatert maskinpark og utstyr for Ål. Her er det også gode fasilitetar med verkstad o.l. Har lyst til å få gjennomført eit prosjekt med ny lyssetting i Ål kyrkje. Alle var einige om at me er godt nøgd med kyrkjjetenarane i staben vår og at arbeidet blir godt gjennomført.	
27/20	<b>Godkjenning av gudstenesteplan</b> Framlegg til gudstenesteplan vart lagt fram på møtet og var også sendt på epost tidlegare. Denne planen vart godkjent utan endringar.	Staben
28/20	<b>Ofringar fram til nyttår</b> Dette blir gjort gruppevis for kvart sokn.	
29/20	<b>Gudsteneste på nett - evaluering</b> Soknerådet gav gode attendemeldingar på sendingane. Det var flott at Hallingdølen gav rom for dette og sjåartala var gode. Truleg vil det vere viktig å tilby denne formidlingsformen framover. Kanskje dette bør vere eit satsingsområde for kyrkja og me bør vurdere å opprette ei mediegruppe som kan arbeide med eit forprosjekt (muligheitsstudie). Saka kjem opp på neste soknerådsmøte og fram til då bør me tenkje på aktuelle kandidatar. Dette kan vere noko som prostiet kan samarbeide om.	Soknerådet
30/20	<b>Konsert i Torpo/Ål kyrkje</b> Sunniva Fevang, som har slekt på Torpo, ynskjer å ha sommarkonsert med klassisk sang i Torpo eller Ål kyrkje. Ho kan ha med far sin, Jørn Fevang, som er kantor i Bragernes kyrkje og fleire i familien. Sonkerådet støttar opp om dette. Konserten blir i Ål kyrkje 15.juli kl 1800.	Staben
31/20	<b>Sortering av konfirmanttelegram – Ål kyrkje</b> Sorteringskassa i garasjen skal ikkje nyttast. Det bør vere tilstrekkeleg at ein person sorterer i løpet av gudstenesta. Me bør nytte små papirposar om det er mogleg. Ein frå soknerådet skal dele ut rose til konfirmantane, fortrinnsvis med bunad. Dette blir avtala internt for kvart sokn.	Einar
32/20	<b>Møteplan andre halvår 2020</b> onsdag 02.09 kl 17.30 onsdag 14.10 kl 17.30 onsdag 18.11 kl 17.30 onsdag 16.12 kl 17.30 – dette møtet har vi berre ved behov	

<b>33/20</b>	<b>Orientering om ny ordning for hovudgudsteneste</b>	<b>Vigdis MS</b>
<p>Kirkerådet har bestemt at ny gudstenesteordning skal tas i bruk 1.sundag i advent. Det skal bli mindre rom for lokalt særpreg. Ordninga skal vere lik i alle kyrkjene i Ål men gjerne også i heile Hallingdal.</p> <p>Soknerådet må arbeide med dette framover og skal gjere eit vedtak til hausten.</p>		
<b>34/20</b>	<b>Meir himmel på jord – kunst og kulturuttrykk er ein del av kyrkja sitt liv</b>	<b>Staben</b>
<p>Her i Ål er det godt samarbeid med kulturlivet; t.d. folkemusikkmiljøet, Ålkoret og kulturskula. Me har også hatt noko kontakt med kunstnarar.</p> <p>Det er truleg meir å hente på dette området. Her kan vi tenkje på t.d. andre musikarar og kanskje salmekveldar med låg terskel.</p>		
<b>35/20</b>	<b>Meldingar</b>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Dugnad på Leveld kyrkjegard 25.mai med godt frammøte (20 stk)</li> <li>b) Spørsmål om kista må senkast heilt ned ved gravferd. Dette er hovudregel, men det er opna opp for å berre senke slik at loket er synleg.</li> <li>c) Det skal opnast for å kunne gje ofring utan å nytte Vipps.</li> </ul>		
<b>36/20</b>	<b>Eventuelt</b>	<b>Kjellfred</b>
<p>Det vil truleg bli smittetiltak med redusert persontal i kyrkjene i september også slik at det ikkje blir plass til alle konfirmasjonsgjestene. Vi bør tilby direktestreaming og gjer avtale med Hallingdal lyd om dette. Kvant sokn dekkjer kr 8.000,-.</p>		
Neste møte: 2.9.2020 kl 1730 i kyrkjestugu		Opning:
Skrivar: Torfinn Slåtto		